SELJENUTEN

Høgdemeter over havet**:**700 m ved Taubanehuset

Lengde: 2,8 km

Tid: Opp mot 3 timar ein veg

Gradering: Dette er ein forholdsvis tung tur, og ein bør rekna mellom 2 - 2,5 timar opp (inkludert pausar)

Vegskildring: Turen startar på Hamre, ca. 7 km frå Granvin sentrum. Du køyrer forbi Granvin Bruk og ca.7 km utover ein grusveg. Når du kjem ut til Hamre , passerer du fyrst to hytter på oppsida av vegen, så eit gardstun og vidare eit kvitt hus på oppsida. Du parkerer så i svingen litt lenger framme der vegen deler seg. Parkering 30 kr.

Turen startar ved Hamreelva; på ein skogsveg ca 50 m frå parkeringa (før brua). Det er skilta mot Oksen i starten av skogsvegen. Det er merka med raudt heile vegen opp til Seljenuten. Det er skilta med lokale stadnamn heile vegen opp.

Du føl skogsvegen til du har passert grinda på toppen, og tek så av opp til høgre ca 15 m etter grinda. Du kjem då til skiltet *Aoveitane*. Stien går då mot venstre og skrått oppover i ein bakke. I enden av denne bakken føl du stien rett oppover og passerer skilta *Rinden* og deretter *Lessingaplassen*. Herfrå er det grei sti til du kjem til *Nestekleiv*. Dette er eit litt ope område, der det går stiar i fleire retningar. Du skal fylgja stien som går rett oppover. Vidare er det tydelig sti som kryssar fram og tilbake, og du passerer skilta *Kvile*, *Bråttekleiv*, *Lialøo* og kjem til slutt til *Seljesete*. 350 moh. Dette er stølen som høyrer til Hamre, og her står det to gamle stølshus. Du er no nesten halvvegs.

Stien vidare går til høgre på oppsida av det største stølshuset. Etter ca. 50 m. kjem du til eit vegskilje. Du fortset på stien mot Oksen. Stien går i litt varierande terreng med både slake og meir bratte parti. Du passerer skilta *Stølshaugane*, *Kolasteinane* og *Stølsskarvet.* Du kjem så til eit nytt punkt der stien deler seg. Her er det merka Nuten (gul merking) og Oksen/ Seljenuten (raud merking). Du fortset mot Oksen/ Seljenuten. Stien går oppover skrått mot høgre. Dette stykket er ganske bratt, og stien går meir eller mindre rett oppover til du kjem til det siste vegskiljet. Denne staden har namnet *Vegaskifte*. Her går det ein sti mot venstre og ein mot høgre. Begge vegane fører til slutt mot same mål, men du skal fylgja vegen mot venstre. (Om du ikkje ynskjer å klatre i stigane kan du ta stien som går til høgre, mot Oksen. Då kjem du ovanfor taubanehuset). Stien kryssar fram og tilbake, og på slutten kjem du til eit parti der det er festa tre-stigar i terrenget som du må gå på. Heilt til slutt klatrar du i stige til toppen. Her heng postkassen på taubane-huset. GOD TUR!